

FRANLEGG TIL FØRESEGNER FOR PRIVAT REGULERINGSPLAN FOR
GNR:34 BNR.I NES I KVAM HERAD.

§ I.

Det regulerte området er på planen vist ved reguleringsgrense. Innanfor denne grensa skal arealet nyttast til:

- A: Jord, skog og naturområde (jordbruk/hagebruk og naturområde)
- B: Bustadområde
- C: Hytteområde
- D: Spesialområde (campingplass)
- E: Trafikkområde
- F: Fareområde (høgspenline)

§ 2.

Jord, skog og naturområde (jordbruk/hagebruk)

- a. I området skal eigaren kunna stå fritt til å driva den form for jordbruk han til ei kvar tid finn mest tenleg, så sant drifta ikkje er til ulempe for dei omkringliggjande områda.
- b. I samband med at gardstunet blir sett på som verneverdigg skal dei bygningane som ligg innanfor byggegrensa mot riksvegen ikkje kunna krevjast fjerna.
- c. I samband med restaurering av dei eldre husa på gardstunet skal det kunna førast opp eit såkalla "bualoft" som er ein naturleg del av det opphavelege bygningsmønsteret på gardstunet.
- d. I tilknytting til bruket skal det vera høve til å føra opp naust, garasje, bygg til lagring av reiskap og driftsmiddel i jordbruk og nytt våningshus -enten som tilbygg til det eksisterande våningshuset, eller frittstående og då plassert slik at det ikkje vert til ulempe for jordbruket.
- e. For dei bygg som er nemnde under pkt. c. og d. skal det liggja føre godkjenning frå Fylkeskonservatoren i Hordaland.

Kvam
formannskapet

Mottok: 29/3 1974

Arkiv: 504

sak 45/74 H

§ 3.

Jord, skog og naturområde (naturområde)

- a. I området skal det ikkje vera høve til å føra opp bustadbygg eller hytter.
- b. Bygningsrådet kan tillata oppføring av eit serviceanlegg for utleigehyttene i området.
- c. Eikeskogen skal fredast når naturverninteresser krev dette.

§ 4.

Område for bustadføre mål.

- a. I området kan frittliggjande bustadhus førast opp i 1 etasje og med tilhøyrande garasje. Sokkeletasjen kan, der terrenget etter bygningsrådet sitt skjønn høver for det, innreist for bustadføre mål i samsvar med byggeføresegnene. (byggeforskr.)
- b. For kvart einskilt husvære skal det setjast av plass til garasje og minst ein bil utanom veggrunn. Garasjen skal byggjast saman med bustadhuset. Bygningsrådet kan i særlege tilfelle tillata frittliggjande garasjar. Frittliggjande garasjar skal vera tilpassa bustadhuset med omsyn til materialval, form og farge.

§ 5.

Område for utleigehytter.

For vidare utbygging skal det framleggjast detaljplan som skal godkjennast av bygningsrådet.

§ 6.

Hytteområdet skal ha ei største tillatte utnyttingsgrad på 0,05 og for bustadområdet 0,15.

§ 7.

Spesialområde (campingplass)

- a. Den delen av campingplassen som ligg ned til strandlina skal erklærast som offentleg badeplass under føresetnad av at det blir inngått avtale med heradet om leige av plassen.
- b. I området skal det berre førast opp bygg som har tilknytning til bade- og campingplassen.
Alle bygg på campingplassen skal berre ha 1 etasje.

§ 8.

Felles føresegner.

- a. Bygningsrådet skal ved handsaming av byggemeldinga sjå til at bygga får ein god og harmonisk form med omsyn til utsjånad, takvinkel, farge, materialval m.v.
- b. Eksisterande vegetasjon skal vernast så langt dette er praktisk mogeleg.

§ 9.

Unntak frå desse reguleringsføresegnene kan, dersom særlege grunnar talar for det gjerast av bygningsrådet, men berre innanfor ramma av bygningslova og byggeføresegnene. (byggeforskr.)

Planen vert, så snart det er justert i samsvar med det ovanståande - saman med føresegnene å leggja ut til offentleg gjennomsyn i 2 veker i samsvar med bygningslova § 27 nr.3 jfr. § 28 nr.1.